

# FOLKEHØGSKOLERÅDET

---

Norsk Folkehøgskolelag (NF) • Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)

Kultur- og kirkedepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 Oslo

J.nr. 85/04/C.3.07

Oslo 22. april 2004

## Omdanning av Norsk språkråd - fråsegn frå Folkehøgskolerådet:

### Om strategi for den nye organet

Namnet på den nye institusjonen bør ikkje vera kompetansesenter for norsk språk. Det gir assosiasjonar mot ein institusjon som har langt vidare oppgåver enn det nye organet er tenkt å ha, eller bør ha. Den språkpolitiske dimensjonen bør speglast i namnet. "Norsk språkråd" hadde derfor faktisk vore eit tenleg namn vidare, men dersom det ikkje er mulig, vil vi gjera framlegg om "Forum for norsk språkutvikling", eventuelt bare "Forum for språkutvikling". Vi kan også tenkje oss "Norsk språkforum" jamvel om det er litt passivt. Norsk språkhistorie har vist at utviklinga av det skriftlege språket til ein viss grad – og med fordel - kan styrast politisk.

Folkehøgskolerådet er samd med departementet i at språksituasjonen for personar med framandkulturell bakgrunn ikkje er eit naturleg arbeidsområde for organet. Ressursane bør samlast omkring situasjonen for det norske språket i seg sjølv.

Arbeidet vil kunne røre ved framandspråklege forhold, men situasjonen for framandkulturelle og deira språksituasjon er eit stort og ressurskrevjande arbeid som har vidare politiske implikasjonar enn det nye organet for norsk språk naturleg bør ta seg av.

Internasjonaliseringa og globaliseringa set dei fleste språk under press, og nye ord og uttrykk kjem inn i språka. Folkehøgskolerådet ser fleire positive sider ved dette. Det kan m.a. lette kommunikasjonen mellom språkgrupper. Men det er viktigare enn før å ha språkpolitiske organ der forholdet mellom eige språk og framand påverknad vert drøfta. Dette organet bør vera eit forum for språkrokt og også vera aktør i normeringa av skriftspråka våre.

### Samfunnsforankring

Dersom det nye organet ikkje skal ha rådsstruktur, blir kontakten med aktive språkbrukarmiljø viktig. Det bør m.a. innebere at mange spørsmål blir sendte på høyring til store grupper før det blir tatt avgjerd i sakene. Folkehøgskolerådet står gjerne på ei slik høyringsliste.

Når det gjeld behov hos brukarar som kan dekkast av det nye organet, ser vi eit breitt spekter av oppgåver. Ikkje minst bør det kunne vera eit serviceorgan overfor publikum, næringsliv, media, skoleverk, høgskolar og universitetet. Det overordna målet må vera å auke prestisjen til det norske språket på alle nivå.

Vidare blir det viktig å halde fram arbeidet med språkleg jamstelling mellom nynorsk og bokmål. Å arbeide for plassen til det nynorske skriftspråket er eit viktig arbeidsfelt.

Med helsing frå Folkehøgskolerådet

Leon Haugsbø/s/  
Leiar

Odd Arild Netland  
sekretær